



Ivar Gundersen på området som han har kjøpt i Nedre Halsabråtet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rådmannen rår til at forvaltningskomiteen i sitt møte onsdag skal gi grønt lys for privat reguleringsplanendring for bustadfelt i Nedre Halsabråtet. Det gjeld området rundt "Arnesen-huset", som Ivar Gundersen har kjøpt. Prosjekt Konsult Kvinnherad skal utarbeida planen.

Den må fylla fleire vilkår, mellom anna må den visa tilstrekkeleg fellesareal og leikeplass innanfor planområdet og tilstrekkeleg med parkering. Rådmannen rår også til at planområdet blir utvida i det ubebygde restområdet mot nord. Leikeplassen må muligens visast som fellesområde innanfor planområdet.

Alle tilgrensande tomter skal vere vurdert i høve til vegsituasjon og tilkommelegheit og før endeleg planforslag vert fremja for kommunen skal området vera klarert for utbyggjing med omsyn til fortidsminnesmerke. Planen skal også ta omsyn til eksisterande høgspenning.

Rådmannen presiserer at planen sitt hovudføremål er konsentrert bustadbyggjing, som området er regulert til i dag. Gundersen vil nytta det til eit mindre bustadfelt. Rådmannen bemerker at det i søknaden ikkje kjem klart fram om han ynskjer konsentrert utbyggjing.

Av Ola Matti Mathisen